

## **Referat frå møte i Strandebarm sokneråd**

**Møte 3 / 2023**

**Stad: Strandebarm kyrkjelydshus**

**Tid: Torsdag 16. mars 2023 kl. 1800**

**Møtte:**

Kåre Milje, Åse Sandnes Fosse, Bodil Stranden, Anne-Kristin Torsnes Fosse, sokneprest Vetle Karlsen Eide, Lillian Hjartåker Fosse, Alvhild Tveitnes, Siv Ljones, Olav Tombre

**Forfall :** Anne Maric Bogetveit Berge, Torunn Baldersheim, Arne Gjerstad, Inger Ljones Måkestad, Lina Chandrike Berge

Det var ingen merknader til innkalling eller referat frå forrige møte som vart godkjent.

**Sakliste:**

**Ord for dagen v/ Vetle**

**Sak 12/23 Orienteringar frå sokn og fellesråd**

Olav opplyste at Fellesrådet framleis har vanskar med å få ferdigstilt rekneskapet for 2022. Kyrkjeverje er p.t. sjukmeldt.

Prost Arild Hellesøy har gått inn i Fellesrådet som representant, i staden for Vetle.

**Sak 13/23 Fasteaksjonen 2023 – tysdag 28.3. kl. 17-19**

Kåre har kontroll på bøsser og roder. Siv og bodil har kontroll på mat etter aksjonen.

**Sak 14/23 Årsmøte 19. mars i kyrkja etter gudstenesta kl. 1900**

Soknerådet gjekk gjennom årsmelding og rekneskap for 2022. Nytt og revidert rekneskap låg føre.

**Vedtak:** Soknerådet rår til at årsmelding og rekneskap vert godkjent av årsmøtet.

**Sak 15/23 Konfirmantfesten torsdag 27. april kl. 1900 - 2030**

Soknerådet drøfta det praktiske opplegget for kvelden og fordelte litt oppgåver. Soknerådet vil endeleg bestemma dette på neste møte tysdag 11. april. Men opplegget fylgjer det vanlege dei siste åra.



**Sak 16/23 Dugnad på kyrkjegarden torsdag 20. april kl. 17 – 19**

Informasjon om dette må gå ut på sosiale media, og på plakatar. Olav og Kåre spør gravar og kyrkjetenar om kva praktiske ting det er høveleg å ta tak i og gjera på dugnaden. Meir om dette også på soknerådsmøtet tysdag 11. april.

**Sak 17/23 Ymse**

**-Kvam mållag og Fosse-stiftinga** ved Svein Ove Duesund har henvendt seg til kirka og spurt om vi vil være med å legge til rette for Festivalgudsteneste den 24.9 under Dialektfestivalen.

Gudstjenestelista som er laga har ingen gudstjeneste 24.9, men me har den 17.9. Dette har Vetle informert Duesund om også. Han ville ta det tilbake: kanskje dei kunne flytte heile sin festival fram ei veke. Det skulle han sjekka ut. Dei ynskjer også å invitera den nye biskopen til denne gudstjenesta.

Nærare avklaring vil koma på neste soknerådsmøte.

**-Fireårsbok** er planlagt utdelt 17.9. Som ein førebels manøver har Vetle då foreslått å flytta utdeling av 4-årsbok til 1.10.

**-Stoltralle** til kr. 580.- til kyrkjelydshuset vart foreslått innkjøpt Det vart **vedteke**.

**-Kistekrakk** har vore drøfta og vedteke før Coronatida. Vetle tar opp med Roar om han kan sjekke pris og evt levering med fa. SIBA på Os.

**-Glas julekuler.** Kurt Misje ved MisjeCollection har kome med tilbod om å produsera glas julekuler med malt motiv av Strb. kyrkje. Dette kan evt. soknerådet selja vidare med vinst. Kåre sjekkar vidare pris, m.m. og kjem attende til saka på neste møte.

**Neste AU-møte:** tysdag 28. mars kl. 1600 i Kyrkjelydshuset

**Neste Soknerådsmøte:** tysdag 11. april kl 1800 i Kyrkjelydshuset

Møtet avslutta kl. 1930.

Olav  
Ref.

Bodil Stranden  
Anne-Kristin Fosse

